



ÅRSMELDING FOR SYVDE SOKN 2017

Arbeidet i soknerådet

Soknerådet si samansetjing:

Leiar:	Marit S. Nordal
Nestleiar:	Anne Grete Eikrem
Sekretær:	Hilde Sollibakke
Medlemar:	Inger Oline Eikrem Veslemøy Margaretha Ervik Liv Kari Sandnes Sokneprest Ivar Austrheim
Varamedlemar:	Alvhild Wenche Nordal Kurt Jarle Torvanger Magne Karsten Sjørdal

Representantar i råd og utval:

Fellesrådet:	Marit S. Nordal og Anne Grete Eikrem 1. vara: Veslemøy Ervik 2. vara: Liv Kari Sandnes
--------------	--

Medlem i trusopplæringskomiteen: Inger Oline Eikrem

Kirkens Nødhjelpkontakt: Hilde Sollibakke

Soknerådet har hatt 5 møter og har handsama 34 saker.

Arrangement og tilstellingar i kyrkjeleg regi:

Det har vore 20 gudstenester på søn-og helgedagar,
frammøtet har vore omlag 1218

Det har vore 6 gudstenester på andre vekedagar, 5 på Syvdetun og
1 skulegudsteneste. Totalt 26 gudstenester i 2017

I tillegg har det vore andakter på Syvdetun omlag annankvar veke

(17)

Einskilde samlingar vi vil nemne:

- Årsmøte Syvde sokn 5. mars.
- 12. mars: konsert med Syvdeklang. Fullt hus !
- Langfredagsgudsteneste felles for alle sokna. 60 frammøtte
- Konfirmasjon 27.mai . 10 konfirmantar. 270 frammøtte
- 3. september: Gudsteneste med 50-årskonfirmantane til stades. Kyrkjekaffi i Kristigarden etter gudstenesta.
- Helgemesse 5. november
- 10. desember: Julekonsert med lokale kor.
- 1. juledag kl 07: juleotte. Talar Ove Aksnes, sang ved Anna Klungre. Øyvind Klungre spelte piano.

Andre aktivitetar:

- Etter fødselen får alle foreldre invitasjon til dåp. I dåpssamtalen blir det gjeve fadderhelsingar og foreldra får boka «Arvegull «
- Ved dåpen blir det tendt dåpslys, og barnet får eit bilete av kyrkja og ein brodert dåpsduk.
- Ein markerer 1, 2 og 3-årsdagen for dåpen med ei helsing
- Filmkveld med kirkerottene for 5-åringar i Syvde kyrkje . 3 jenter deltok
- Førsteklasse.samlingar. 8 gongar på skulen med Brit Irene Kvamme og Magni Petra Eikrem.
- Tårnagenthelg 3.-4. april for 3.klassingar. 14 deltakarar.
- Konfirmantundervisning. Våren 2017 var konfirmantane m.a. med på fasteaksjonen og ein tur til Selja. Hausten 2017 var dei m.a. med på Bli kjent.dag og reformasjonsfest på Åram, nattcup i Nordfjordhallen og lysmesser . Dei får også konfirmantbibelen.
- Det blir gjeve blomehelsing til etterlatt første jula som einsleg.
- Ved runde fødselsdagar frå 80 år og oppover får dei ei helsing i posten.
- Brit Irene Kvamme har i tillegg fleire samlingar for barn og unge felles for alle kyrkjelydane.
Sjå årsmeldinga for Trusopplæringa.

Statistikk

Døypte : 9

Konfirmerte: 10

Vigsler: 0

Gravferder: 7

Økonomi

I offer og kollektar kom det inn kr 41.652, av dette kr11.959 til eige arbeid (2016: kr 49.787, av dette kr 16..684 til eige arbeid.)
Gjennom gjevartenesta kom det inn 4.800. (2016: kr 10.800.)
Under fasteaksjonen 4. april samla konfirmantane inn 13172 (2016: kr 12.732.)

Dei tilsette i kyrkja i Vanylven i 2016

Sokneprestar: Ivar Austrheim. Eli Leine Sæter slutta å halde gudstenester etter nyttår, men heldt fram med konfirmantane. Er no pensjonist.

Kjell Roger Isene er no vikar i Vanylven og Åram sokn.

Kantor: Brunhilde Engelhardt

Kyrkjelydspedagog / sekretær: Brit Irene Kvamme

Kyrkjetenarar: Brit Irene Kvamme. Inger Anne Vidnes fungerte fram til sommaren, Marit S. Nordal vikarierte nokre gongar i hausthalvåret.

Klokkarar: Magni Petra Eikrem. Kjellaug Jacobsen Vik og Edvin Skår har også dette året utført arbeidet på dugnad. Tusen Takk !!

Syvde 27.02 2018

For Syvde sokneråd

Marit S. Nordal